

## ***Bilag 1 Oppdragsgivers kravspesifikasjon***



Foto: Kjetil Eikefet  
– Lindås kommune

## Innhold

Generelle bestemningar .....	3
Funksjonsmål .....	3
Inndeling av det kommunale vegnettet i Alver i standardklassar .....	3
Vederlag .....	3
Forhold til publikum .....	3
Utkalling for iverksetting av tiltak .....	4
Vegavdelinga si vakthavande .....	4
Rapportering .....	4
Vinterdriftsplan .....	4
Vinterdriftsplan skal innehalde .....	4
Oppdragsskildring, brøyting og strøing .....	5
Krav til utstyr .....	5
Krav til personell .....	7
Krav til arbeida .....	7
Beredskap hos oppdragsgjevar og leverandør. ....	7
Spesielt om brøyting / fresing .....	8
Spesielt om strøing .....	10

## Generelle bestemmingar

### Funksjonsmål

Det skal gjennomførast tiltak som gir godt nok veggrep for de vegbrukarane som er hensiktsmessig skodd for forholda.

### Inndeling av det kommunale vegnettet i Alver i standardklassar

Vintervegghaldstandarden kan av budsjettmessige årsaker bli endra frå år til år i kontraksperioden. Alver kommune må difor ta atterhald om at slike justeringar kan forekomme, og at det ikkje vil bli gitt økonomisk kompensasjon viss det vert innført ein lavere standard. Vegnettet i Alver vert inndelt i 3 kategoriar:

Vinterdriftsklasse A	Bussvegar med tilhøyrande fortau, utrykningsvegar
Vinterdriftsklasse B	Kommunale samlevegar Viktige gang- og sykkelvegar i tettbygd strøk
Vinterdriftsklasse C	Kommunale adkomstvegar og øvrige kommunale vegar

I Alver kommune er det hovudsakleg B og C vegar.

**Beredskapsperiode:** 15. oktober til 15. april (kan utvidast ved særskilte høve)

**Beredskapstillegg:** kr 90.000.- pr rode pr år. Fordelt 2 gonger i året; halvdelen 15.11 og resten 15.3.

### Vederlag

Kontraktøren skal ved prising av tilbodet gje faste timeprisar, som gjeld uavhengig av om det er dag/natt, ukedag, eller kva slags personell eller utstyr som nyttast i samband med kontraksarbeida. Det vil sei at naudsynt overtidstillegg er inklusiv i dei prisane som vert gitt. Det vert betalt for den tida leverandøren nyttar til å køyre mellom dei kommunale vegane innad i ei rode. Dersom brøyting og strøing skjer samstundes, vert det ikkje akseptert dobbel fakturering for timane som vert nytta til dette arbeidet.

Alle prisar skal vere fullstendig og dekke alle kostnadar i høve til dei føringar som er gitt for gjennomføring av kontrakten.

Kommunen står for innkøp av dei ulike strømiddla og leverer til leverandøren sitt lager. Det er leverandøren sitt ansvar å bestille levering i god tid for ikkje å gå tom.

### Forhold til publikum

Klagar, førespurnadar og anna kontakt frå publikum gjeldande utføring av vintervegshaldarbeidet

skal visast vidare til kommunen sin vakthavande pr. telefon. Vakthavande vil loggføra og vidareformidla desse førespurnadane til Vegavdelinga.

### **Utkalling for iverksetting av tiltak**

Vakthavande i kommunen har mogelegheit til å kalle ut til brøyting, strøing eller handtering av overvatn dersom kommunen ser det som naudsynt.

### **Vegavdelinga si vakthavande**

Vegavdelinga har til ein kvar tid oppnemnt ei vakthavande som har ansvaret for følgjande:

- Kan i lag med kontraktørane ta beslutning for gjennomføring av tiltak både i og utanfor ordinær arbeidstid.
- Følgje opp at vedtatt vintervegghaldsstandard vert tilbydd trafikantane.
- Rapportere om større avvik til Vegavdelinga si leiing og utførande kontraktør.
- Følgjer opp tiltak i samarbeid med kontaktraktørane viss det skjer uforesette hendingar som t.d snøras, flom , oljesøl og nedfallt av tre.
- Svare på henvendingar frå publikum og kontraktørane når det gjeld vintervegghaldsstandar og den operative utføringa.

### **Rapportering**

Data frå GPS-loggen vil vere grunnlag for fakturering. Denne vert og brukt av kommunen som kvalitetskontroll mot fakturagrunnlaget.

### **Vinterdriftsplan**

Kontraktøren sin vinterdriftsplan for gjennomføring av arbeidet skal vere skildra med planlagte ressursar og beredskap for kvar vintersesong i kontraktsperioden. Driftsplanen skal vere godkjent og sendt over til oppdragsgjevar innan 1. september kvart år. Korleis leveradøren vil løyse oppgåva skildra i vinterdriftsplanen, og i høve til ressursar og beredskap, vil danne grunnlag for evaluering av tilboda og for eventuell vidareføring / utløyning av opsjonane i kontrakten.

### **Vinterdriftsplan skal innehalde**

- Tilgjengeleg utstyr og lager ( eige og innleigd utstyr ) inkludert reserveutstyr
- Skildring av rutinemessig vedlikehald og kalibrering av utstyr
- Rutiner og kontaktinformasjon med utstyrsleverandørar/reparasjonar av utstyr
- Interne varslingsrutinar knytta mot utkalling, tid for start / stopp arbeid
- Skiftordningar og vaktlistar der det tatt omsyn til kviletidsbestemmingane i arbeidsmiljølova.
- Arbeidsmiljølova: dokumentasjon på eventuelle dispensasjonar for utvida adgang til overtidsarbeid,
- Vegtrafikklova: Evt dispensasjon for bruk av utstyr med arbeidsbreidde som er større enn det som er tillate.

## **Beredskapsplan**

Den utførande skal etablere ein ordning med kvilande vakt for egne arbeidstakare og beredskap for maskinar som er knytta mot vintervegghaldet, inklusiv underleverandørar, som sikrer rask og korrekt utkalling av mannskap og maskinar døgnet rundt, når tilhøva krevjer det.

## **Oppdragsskildring, brøyting og strøing**

Oppstart av arbeidet skal ta utgangspunkt i krava som er satt opp dokumentet «Strategi vinterdrift for Alver kommune».

Oppdraget gjeld leige av maskinar med førar til vinterdrift av kommunal veg, plass og gang-/sykkelveg i samsvar med skildring og rodekart som er lagt ved. Med vinterdrift meiner vi snøbrøyting, snøfresing og rydding av kryss o.l., samt strøing for forbetring av friksjon på vegar, gangvegar, fortau, plassar og kryss.

Det kan ikkje reknast med fast arbeidstid, då vêr og føreforhold kan krevje arbeidsinnsats heile døgnet.

Leverandøren pliktar sjølv å igangsetja brøyting og strøing ut i frå vêr og føreforhold i samsvar med instruks for brøyting/strøing av kommunale vegar i Alver. Dei krava som gjeld blir gjennomgått med leverandøren før sesongstart.

Ein føreset at tilbyder gjer seg godt kjend med brøyterodene som han vil gi pristilbod på og dessutan kommunale krav og avgjerder slik dei fremkommer av tilbodsgrunnlaget. Evt. usemje om dei oppgitte rodemengder og evt. spørsmål om riktig forståing av tilbodsgrunnlag må umiddelbart takast opp med kommunen.

Ut i frå storleik og tidsforbruk ved gjennomkjøring for rodene, skal tilbyder vurderer behovet for bruk av fleire brøyte-/strøingar for å oppfylla tidskravet.

Leverandøren ilag med kommunen vurderer behovet for brøytestikk.

Generelt sett vert det ikkje nytta brøytestikker langs kommunal veg. Dersom leverandøren ser behov for brøytestikker på utsette strekningar eller punkt, kan han hente brøytestikker hos kommunen og sjølv plassere dei der det er behov.

Alver kommune vil ved behov leige inn eigen leverandør av denne tenesta.

## **Krav til utstyr**

Leverandøren held alle maskiner og utstyr som er naudsynt for gjennomføring av oppgåvene på den enkelte rode. Vedlikehald og reparasjonar er leverandøren sitt ansvar, og må i sin heilheit betalast av denne. Naudsynt oppstillings- og lagerplass for maskiner og utstyr vert og halde av leverandøren.

Leverandøren må, innan kontraktperiodens oppstart, leggje fram for godkjenning ei oversikt over utstyr som skal nyttast ved utføring av kontraktarbeida. Følgjande krav til utstyr er gjeldande:

- Traktor med minimum 100 hk.
- Frontmontert brøyteutstyr, til dømes plog/kommunalblad, eller tilsvarende. Kravet gjeld for roder med asfalterte vegar.
- Bakmontert skjær med hjul (grusvegar).
- Slitestål må haldast av leverandøren.
- For rodane 8, 9, 17, 19, 22, 27 og 28 må det i løpet av vintersesongen 2019/2020 skaffast tallerkenspreamer som er moglege å styre frå førarhuset. Viss det er ynskje om det, kan kommunen gjere felles anskaffing av dette utstyret.

Leverandøren pliktar utan opphald å etterkomma pålegget til oppdragsgjevar om utskifting, tilpassing eller liknande av maskiner og utstyr for på ein tilfredsstillande måte å gjennomføra kontraktarbeida. Enkelte krav til maskiner og utstyr er gitt i dette kapittelet.

Ei godkjenning av maskiner og utstyr fra oppdragsgjevar fråtar ikkje leverandøren frå ansvaret med omsyn til at utstyret skal være av godkjent type og vedlikehaldt forsvarleg. Ei godkjenning frå oppdragsgjevar gjer heller ikkje fritak frå leverandøren si plikt til å sjekke eventuelle avgrensing på størrelse og liknande med omsyn til å kome seg fram og moglegheit for skade på omgivnadane.

Det er tilbyder sitt ansvar å ta naudsynte synfaringer på roder som grunnlag for sitt tilbod.

### **Generelle krav til maskiner og utstyr**

Det vert kravd at alle maskiner og utstyr som blir nytta til vinterdrifta er av godkjent type, og har alle nødvendige godkjenningsskilt. I tillegg må alle maskiner/ køyretøy og utstyr vera av god standard og ha nødvendig kapasitet for gjennomføring av dei oppgåvene som er beskrive og innanfor den tidsfristen som gjeld.

- Maskiner skal ha nødvendig kapasitet til å transportere frontmontert plog/skjær, bakmontert fres i oppløfta stilling og strøutstyr ved køyring til og frå oppstillingsplass og start/sluttpunkt for arbeida. Alle maskiner som blir nytta i vinterdrifta skal vera utstyrt med gult blinkande varsellys av godkjent type.
- Riktig innstilling av utstyr
- I kvar traktor og bil som blir nytta i vinterdrifta skal det finnast godkjent brannslukningsapparat og førstehjelpsskrin.

Maskiner og anna utstyr må vera tilpassa dei ulike roder der dei skal utføra arbeid og ikkje vera større enn at dei kan nyttast på alle vegar/gangvegar/fortau innanfor den enkelte rode.

### **Reservemaskin og -utstyr**

Leverandøren skal disponere reservemaskin og -utstyr som kan setjast inn på kort varsel ved eventuelt havari på eiga maskin eller utstyr. Leverandøren må straks melde frå til vakteiar viss maskiner eller utstyr blir sett ut av drift grunna havari eller andre årsaker, når dette kan føre til endringar i beredskap eller framdrift.

### **Krav til personell**

Sjåførar må ha alle nødvendige sertifikat og ha tilstrekkeleg opplæring i bruk av maskiner med tilhøyrande utstyr. Alt personell skal etter førespurnaden til oppdragsgjevar kunna dokumentere tilstrekkeleg opplæring i bruk av brannsløkkingsutstyr og dessutan i elementær førstehjelp.

Leverandøren har plikt til å disponere reservesjåfør med nødvendig opplæring og tillatingar ved sjukdom eller anna fråver hos den faste sjåføren.

- Alt mannskap som er involvert i vinterdrifta må ha gjennomført eit fire-timars fagsamling i vinterdrift. Kommunen kaller inn til denne samlinga. Dette repeterast kvart år.
- Alle operatørar skal ha Arbeidsvarsling 1 («Arbeid på og langs veg»-kurset.)
- Personell skal ha kjennskap til riktig innstilling / bruk av utstyr.

Det kreves at leverandør ved utførelsen av oppdrag har tilgjengelig representant som behersker norsk, for å kvalitetssikre at kommunikasjonen blir effektiv og korrekt.

### **Krav til arbeida**

Etter brøyting skal gater, veg, torg og plassar vera brøytt i samsvar med beskriven breidde og vera framkommelege for gåande, syklande og køyrande. Tilsvarende skal desse plassane etter strøarbeid ha tilstrekkelig friksjon og vere utført i samsvar med dei krav som er satt.

### **Vinterdriftsstandard**

Leverandøren vurderer løpande behovet for vinterdriftsarbeid og forpliktar seg til å halde seg løpande orientert om ver og føreforhold.

Ved oppstart nyttast krav som er satt opp i «Strategi vinterdrift for Alver kommune».

### **Beredskap hos oppdragsgjevar og leverandør.**

Leverandørane må vera i døgnkontinuerlig beredskap for utrykning til kvar og ei tid i vinterperioden. Leverandøren skal utan opphald setja i gang alle typar arbeid som er skildra i denne avtalen og innanfor dei tidsrammer som gjeld. Arbeida skal pågå utan ugrunna opphald heilt til arbeidsoppgåva er fullført.

Føresetnad er at alle maskinførarar blir nådde pr. mobiltelefon i heile vinterperioden.

Mobiltelefon skal derfor òg medbringes under arbeidet. Det kan bli behov for å kunne installere app på telefonen. Alle kostnader som er knytt til innkjøp og bruk av mobiltelefon ligg til leverandøren og vert dekt gjennom dei prisane som er gitt.

Oppdragsgjevar har etablert ordning med døgntkontinuerleg vaktleiar som kan kontaktast ved behov.

### ***Leverandøren si plikt til å gjere seg kjent på roden***

Leverandøren pliktar å gjere seg kjent med roden før oppstart av kontraktsarbeida og dessutan setja seg inn i kva endringar som evt blir gjort i løpet av kontraktsperioden. Før kvar vintersesong skal leverandøren synfara eigen rode før driftsmøtet for å avdekka forhold som kan påverka arbeidets fremdrift og kvalitet. Dette gjeld m.a. tre og buskar som veks for nære vegen, kummar som ligg for høgt, steinar, bilar og liknande som står plassert i vegbanen og dessutan andre forhold som kan hindra eller skada utstyr under utførelse av arbeidet. Leverandøren skal etter denne inspeksjonen hurtigast mogleg varsla oppdragsgivar om desse forholda skriftleg.

### ***Prioritering av veier***

Av omsyn til trafikkikkerheit og framkommeligheit, skal dei trafikkareala som er sterkast trafikkert prioriterast først – jfr inndelinga i vinterdriftsklassar. Leverandøren skal i samråd med oppdragsgjevar, leggja opp gjennomkøyringa av roden slik at dette målet blir nådd.

### ***Aktsomhet ved bruer, planoverganger, ferister o.l.***

Ved passering av bruer må det haldast auge med at brøyteutstyr ikkje kjem i kontakt med kantsikring, bautastein, rekkverk og liknande og dessutan at snøkanten ikkje blir så hardt pressa mot desse at dei blir skadd. Ved passering av bruer over trafikkert veg, gang- og sykkelveg eller andre område der det ferdast mykje folk, må sjåføren utvisa stor aktsemd slik at ikkje snø- og isklumper fell ned på underliggjande område. Om nødvendig må leverandøren rydda snøen til bruenden der snøen blir lagd ut på side- eller underliggjande areal.

Generell aktsemd må utvisast ved passering av ferister, planoverganger, kumlokk o.l..

### ***Spesielt om brøyting / fresing***

- Brøytingen skal utførast slik at personar uhindret kan røra seg inn og ut av busstur og dessutan at buss kan køyra inn i busslommer, mot kantsteintopp o.l. og brukargruppene til alle bussen uhindret kan stiga på og av bussen. Utbrøyting og rydding av busslommer/kantstopp skal føregå parallelt med brøyting av sjølve vegbanen



- Veggen skal brøytast/ fresast i full breidde dvs. inklusive vegskulder. Oppdragsgjevaren vil registrera det som avvik dersom areala ikkje blir rydda i full breidde og krevje at eventuelle kostnader som kjem av avviket blir dekt av leverandøren.
- Leverandøren skal til kvar og ei tid ha kontroll på at snømengda ikkje overstig krav oppstilt i «Strategi vinterdrift for Alver kommune». Dersom leverandøren er av den oppfatninga at snømengda tilseier ny gjennombrøyting, skal denne uoppforda setja igang ny brøyting.
- Ved vegsperringer på grunn av fonner og ras eller andre årsaker skal leverandøren straks gi melding til vaktleiaren til oppdragsgjevar. Viss det er fare for at det er folk i raset skal naudetatane varslast - 112. Vaktleiar skal òg varslast ved vegskadar eller andre forhold som kan vera til fare for trafikken.
- Der det ikkje er faste sidehinder skal det brøytast/fresast på ein slik måte at bortkjøring av snø ikkje blir naudsynt. Dersom manglande utbrøyting/fresing førar til ekstra bortkjøring av snø vil ekstrakostnadene ved dette krevd erstatta av entreprenøren.
- Langs gater og vegar utan fortau blir snøen fordelt til begge sider viss ikkje eit av sideområda er klart betre eigna til lagring av snø. Langs gater og vegar med fortau på ei side skal normalt all snø brøytast/fresast over til motsett side. Langs gater og vegar med to fortau blir snøen fordelt til begge sider viss ikkje eitt av sideområda er klart betre eigna.
- Brøytingen/fresingen skal utførast slik at underlaget blir jamt utan sjenerande issvullar og liknande. Det skal ikkje leggest igjen snøranker over kryssande offentleg veg og gangfelt, og snø skal ikkje haugast opp på ein slik måte at det reduserer sikta i kryss, utkjørsler, fortau med meir.
- Der gang- og sykkelveg går parallelt med, eller ligg nær vegbanen, skal brøytingen/fresingen koordinerast slik at ein unngår at gang- og sykkelvegen blir sperra av snø frå vegbanen. Snø frå gang- og sykkelvegar skal ikkje brøytast ut på gater, vegar, plassar og torg
- Parkeringsplassar blir brøytt/ frest etter dei same kvalitetsregler som vegar. Han som har ansvaret for snørydding på parkeringsplassar skal sørgje for at inn- og utkjøringen blir rydda fram til veg, og at det ikkje ligg ein snøranke i inn- og utkjøringen.

## Spesielt om strøing

- Strøing skal utførast etter «Strategi vinterdrift for Alver kommune».
- Strøing utførast anten som punktstrøing eller samanhengjande strøing. Punktstrøing utførast i svinger, bakkar, kryss og rettstrekningar med uoversiktlege avkøyrslar. Strøing skal vere utført slik at det tydeleg går fram kvar strøingen slutter.
- Leverandør skal sjølv vurdere om det skal punktstrøast eller strøast samanhengjande for å oppnå tilfredsstillande framkomelegheit og friksjon.
- Strøingen skal utførast slik at personar uhindra kan bevege seg inn og ut av buskur samt at buss kan kjøre inn i busslommor, mot kantsteinsstopp o.lign. og alle busspassasjerane kan stige på og av bussen uhindra.
- Oppdragsgjevar vil registrere det som avvik viss areala ikkje er strødd i ein breidde som sikrer at folk kjem seg fram. Kostnadar for utbetring kan bli krevd dekt av leverandøren.
- Levarandøren skal til einkvar tid ha kontroll på at friksjonen ikkje overstig krava som er stilt opp i «Strategi vinterdrift for Alver kommune». Viss leverandøren meiner at friksjonen krev ny gjennomkøyring, skal han uoppfordra setje i gang strøing.
- Ved vegsperringar grunna fonner, ras, overvatn eller andre årsaker, skal leverandøren straks gi melding til vaktleiar hos oppdragsgjevar. Viss det er fare for at det fins folk i raset skal politiet tilkallast. Driftsleiar / overordna vakt skal og varslast ved skader på veg, eller andre høve som kan vere til fare for trafikken.

Sjekkliste	Set kryss
Sand og salt spreder. (på sikt tallerkenspreder)	
Frontmontert skjær kommuneblad, V – plog med løft.	
Bakmontert skjær med støttehjul der det er grusvegar.	
Fres der det er behov (Dyrkolbotn) . Både Lindås og Meland har fres som kan brukes ved behov.	
Roterende lys på kjøretøyet.	